

Inndeling av dei opna områda i mindre utlysingsområde

Innleiing

Etter havenergilova skal det gjennomførast konsekvensutgreiing før område vert opna for fornybar energiproduksjon til havs. I 2012 såg NVE på 15 område i samsvar med havenergilova og publiserte rapporten [Havvind - Strategisk konsekvensutredning](#). Basert på denne utgreiinga, og ei oppdatert vurdering frå 2018, blei områda Utsira Nord og Sørlige Nordsjø II opna ved [kongeleg resolusjon 12. juni 2020](#). Ei opning av område gjer at det kan søkast om konsesjon til fornybar energiproduksjon innanfor området. På same tid blei havenergilovforskrifta fastsett. Forskrifta fastset mellom anna nærmere reglar for konsesjonsprosessen.

Etter at områda blei opna, har interessa frå aktørar som ønskjer å utvikle prosjekt i dei to områda auka kraftig.

Olje- og energidepartementet sendte sommaren 2021 eit forslag til endringar i havenergilova og havenergilovforskrifta på høyring saman med forslag til ein rettleiar for arealtildeling, som skildrar konsesjonsprosessen og korleis utbyggjar skal söke om å eige og drive vindkraft til havs. Forsлага som blei sendt på høyring foreslår nærmere reglar for arealtildelinga til havs.

Som ein del av arealtildelinga i dei to områda, ser departementet behov for å dele områda opp i mindre utlysingsområde. Både Sørlige Nordsjø II og Utsira Nord er større enn det arealet vindkraftutbyggingane vil nytte med dei kapasitetsavgrensingane som ligg til grunn. Med ei oppdeling vil ein unngå overlappande prosjekt, og ein kan finne dei områda som eignar seg best til vindkraftproduksjon med omsyn til både lønsamheit i prosjekta og andre arealinteresser i områda. Utlysingsområda vil også vere større enn det endelege prosjektområdet som utviklar søker konsesjon for. Utviklar har ingen rettar i resten av utlysingsområdet etter at konsesjonen har fastsett eit avgrensa prosjektområde.

I dette notatet gjer departementet greie for sitt forslag til inndeling av område i utlysingsområde.

Bakgrunn

Områda Sørlige Nordsjø II og Utsira Nord er opna med sikte på tildeling av konsesjon etter havenergilova § 3-1. I den kongelege resolusjonen blei det sett vilkår for kvart av områda.

Følgjande vilkår blei sett for Sørlige Nordsjø II:

- a) Det kan ikkje gjevast konsesjon i eit område der det er gjeve utvinningsløyve for petroleum, med mindre dette er varsla i utvinningsløyvet eller det er føreligg ein avtale med den som har utvinningsløyvet.
- b) Ved aktivitet i SVO-areal må ein rekne med vilkår for å unngå skade på dei særleg verdifulle og sårbare miljøverdiane.
- c) Det kan maksimalt gjevast løyve til utbygging av 3 000 MW.

Følgjande vilkår blei sett for Utsira Nord:

- a. Det skal ikkje gjevast konsesjon til vindkraftverk innanfor Forsvaret sitt skyte- og øvingsfelt END253, med mindre Forsvarsdepartementet gjev si tilslutning til at det kan gjevast konsesjon.
- b. Det skal ikkje gjevast konsesjon som kan påverke sjøtryggleiken negativt, og det skal

- leggast vekt på Kystverket sine vurderingar.
- c. Ved aktivitet i SVO-areal må ein rekne med vilkår for å unngå skade på dei særleg verdifulle og sårbarer miljøverdiane.
 - d. Det kan maksimalt gjevast konsesjon til utbygging av 1 500 MW.

Interesser i dei opna områda

I arbeidet med å dele inn områda i mindre utlysingsområde har Olje- og energidepartementet fått innspel frå Forsvarsdepartementet, Klima- og miljødepartementet, Samferdselsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Oljedirektoratet og Norges vassdrags- og energidirektorat om det har skjedd endringar i dei opna områda sidan 2018.

Forsvar

Skyte- og øvingsfeltet Utsira overlappar med det opna området Utsira Nord. Forsvarsdepartementet la 13. september 2021 forslag til forskrift om skyte- og øvingsfelt i sjø ut på høyring med tre månaders høyningsfrist. I forslaget har skytefeltet Utsira fått endra status til anbefalt avvikla. Avviklinga føreset at skytefelta Halten I og II blir etablert. Sjøforsvaret har same interesser som annan skipstrafikk når det gjeld sjøtryggleiken.

Miljø

Det er avgrensa kunnskap om miljøverdiane i områda, spesielt i Utsira Nord. Kunnskapen om miljøverdiane i dei aktuelle havområda, er hovudsakleg frå arbeidet med forvaltningsplanane for havområda og overvaking av sjøfugl gjennom SEATRACK. Begge desse kunnskapsgrunnlagene er oppdatert etter 2018. Data om miljøforhold i havområda vert oppdatert kontinuerleg, og selskap må førebu seg på at ny informasjon som må takast omsyn til ved ei eventuell utbygging, kan komme fram seinare i prosessen. Ei inndeling i store område gjev fleksibilitet i plasseringa av vindkraftanlegget i etterkant av den prosjektspesifikke konsekvensutgreiinga slik at det er mogleg å ta naudsynte omsyn i konsesjonsprosessen.

Kulturminne

Området Utsira Nord ligg mellom 15 og 22 nautiske mil utanfor grunnlinja. Heile området ligg dermed innanfor tilstøyande sone, og prosjektutviklar må rekne med å gjere arkeologiske undersøkingar i prosjektspesifikk konsekvensutgreiing.

Utanfor 24 nautiske mil utgjer folkeretten det rettslege grunnlaget for vern av kulturminna. Vraket av HMS Queen Mary ligg sannsynlegvis innanfor området Sørlege Nordsjø II. Det er den britiske marinen som eig vraket og området skal behandlast som ei krigsgrav.

Skipstrafikk og sjøtryggleik

DNV leverte i januar 2021 [ein rapport til Kystverket](#) med risikoanalyse for skipstrafikken knytt til opning av området Utsira Nord for havvind. Rapporten viser at risikoen for ulukker som kollisjon og grunnstøyting aukar med ei utbygging av havvind på Utsira Nord. Risikoauken er mindre dersom det ikkje blir etablert vindkraft i den austlege og sørlege delen av det opna området, markert i raudt i figur 1. Den same rapporten viser at sjøtryggleiken kan bli betre, eller om lag lik som i dag, dersom det ikkje vert bygd vindkraft i den austlege og sørlege delen av Utsira Nord, det blir etablert eit nytt trafikkseparasjonssystem og gjennomført andre avbøtande tiltak.


I Sørlege Nordsjø II vil havvindutbygging ha mindre betydning for sjøtryggleiken. Det kan likevel vise seg å vere behov for å etablere trafikkseparasjonssystem i området.



Figur 1: Kystverket sine anbefalingar for kva område i Utsira Nord ein bør unngå av omsyn til sjøtryggleik, markert i raudt. Det raude området inkluderer både trafikkområde og sikkerheitssone.

Fiskeri

Fiskeridirektoratet finn ikkje grunnlag for å seie at det har skjedd vesentlege endringar i fiskeria i dei to områda. Fiskeriinteressa på Sørlege Nordsjø II er hovudsakleg i nordaust og eit område på vestsida av det opne området, jf. figur 2. I tillegg er kartet over gytefelt for tobis oppdatert i samband med oppdatering av forvaltningsplanane, sjå figur 3. På Utsira Nord er det mindre fiskeaktivitet, men det er noko reketråling i området.



Figur 2: Fiskeri i Sørøys Nordsjø II 2018-2020. Kjelde: Fiskeridirektoratet



Figur 3: Tobisfelt i Sørøys Nordsjø, markert i grønt. Kjelde: Fiskeridirektoratet

Petroleum

Sørøys Nordsjø II ligg innanfor det forhandsdefinerte området (TFO) i Nordsjøen. Dette er eit område med årlege konsesjonsrundar. Det er gitt tilbod om eit utvinningsløyve for petroleum som overlappar med delar av Sørøys Nordsjø II. Det aktuelle tilbodenet overlappar også med tobisfeltet i den nord-austlege delen av det opna området. Oljedirektoratet kan ikkje utelukke at det finst moglegheiter for petroleumsførekomstar i området. På Utsira Nord vurderer Oljedirektoratet at det er svært usannsynleg at det er petroleumsførekomstar.

Andre faktorar

NVE har sett på dominerande vindretning og kome med forslag til korleis områda bør delast inn for å unngå for mykje vaketap. Ideelt sett skulle inndelinga av område på Sørlige Nordsjø II også teke omsyn til havdjupne, då det har stor innverknad på kostnadane med utbygging av botnfast havvind. Departementet har ikkje tilgang til detaljerte djupnedata i områda utover det som låg i konsekvensutgreiinga frå 2012, og har difor ikkje teke omsyn til djupne i inndelinga.

Vurderingar

Departementet sine vurderingar om inndeling i utlysingsområde er basert på rapporten strategisk konsekvensutredning frå NVE i 2012, vurderingane NVE gjorde i 2018 i forkant av opninga og dei tilbakemeldingane departementet har fått frå dei andre departementa og direktorata hausten 2021.

Departementet vurderer at det kan vere ein fordel å dele områda inn i mindre utlysingsområde for å unngå overlappande prosjekt. Ein kan då også unngå dei delane av dei opna områda kor det er mest krevjande å få til god sameksistens.

Arealbehov

Departementet har lagt til grunn at områda skal vere store nok til at utbyggjar har ein del fleksibilitet i plasseringa av turbinane. Utbyggjar skal kunne unngå å plassere turbinar i delar av utlysingsområdet dersom konsekvensutgreiinga viser at det er naudsynt.


Departementet har vidare lagt til grunn minst 5 km mellom utlysingsområda for å avgrense vindskugge frå eit område til eit anna.

Når det kjem til arealeffektivitet forventar departementet at dette følgjer av storleiken på turbinane og for dei fleste prosjekta vil det ligge mellom 5 og 7 MW/km² ved ferdig utbygd vindkraftverk. Areal er ein knapp ressurs, og meir arealeffektiv teknologi bidreg til betre ressursutnytting. Departementet ønskjer å legge til rette for ei arealeffektiv utnytting av dei opna områda.

I høyringa av endringar i havenergilova og havenergilovforskrifta, og forslag til rettleiar for arealtildeling, konsesjonsprosess og søknadar for havvind, trakk fleire høyringsinstansar fram at det er arealbruken til havs som bør avgrensast, ikkje kraftproduksjonen. Å avgrense arealbruken heller enn effektkapasiteten i området ville vore betre ut frå omsynet til andre interesser i området, slik høyringsinstansane peikar på.

Ved opninga av områda blei det fastsett maksimal installert effekt på 1 500 MW for Utsira Nord og 3 000 MW for Sørlige Nordsjø II. Å auke kapasitetsgrensa vil truleg føre med seg høgare arealbruk innanfor dei opna områda. Kapasitetsgrensene er i tillegg viktige for planlegging av nett. Fleire høyringsinstansar ønska å doble kapasitetsgrensa for utbygging i Sørlige Nordsjø II. Det er ikkje lagt opp til å auke kapasitetsgrensene i samband med utlysing av areal i dei to områda. Til det krevst det m.a. ny konsekvensutgreiing.

Utsira Nord



Figur 4: Oversiktskart Utsira Nord. Kjelde: NVE (2012)

På Utsira Nord er det særleg omsynet til Forsvaret sitt skytefelt END 253 og skipstrafikk som påverkar plassering av utlysingsområda. For dei andre interessene i området, særleg for miljøinteressene, vil det på noverande stadium i prosessen vere viktig at utlysingsområda framleis er store nok til at vindkraftanlegga si endelege plassering kan ta omsyn til eventuelle funn i den prosjektspesifikke konsekvensutgreiinga.

Skytefeltet END 253 er foreslått avvikla. Departementet foreslår difor å utlyse areal som overlappar med skytefeltet, med føresetnad om at skytefeltet blir avvikla, alternativ 1. Departementet foreslår også ei alternativ inndeling av område utan overlapp med skytefeltet, alternativ 2. Dersom det ikkje er avklart om skytefeltet blir avvikla når departementet skal tildele areal på Utsira Nord, vil departementet ta utgangspunkt i alternativ 2. I alternativ 2 er det relativt lite plass igjen til havvind, og det vil vere lite rom for fleksibilitet i turbinplasseringa.


Departementet støttar Kystverket si anbefaling om å unngå dei mest trafikkerte områda i austre og sørlege del av Utsira Nord når området vert delt inn i utlysingsområde.

Sjøtryggleiken vil ifølgje rapporten frå DNV likevel bli påverka negativt, og det vil truleg vere behov for avbøtande tiltak utover dette. Kystverket vil spele ei sentral rolle i å vurdere og følgje opp eventuelle avbøtande tiltak.

Departementet har også vurdert kor mange område som skal lysast ut og storleiken på tildelingsområda. Prosjekt på Utsira Nord skal bidra til teknologiutvikling og kostnadsreduksjonar for flytande havvind, samtidig som myndighetene ønskjer å legge til rette for eit brent aktørabilde i havvindnæringa. Departementet meiner det vil vere ein fordel om det er to større område der kvart område har kapasitet på inntil 500 MW, og to mindre område som til saman utgjer inntil 500 MW. På denne måten er det rom for både store prosjekt som bidreg til oppskalering av teknologien og mindre prosjekt der ein vektlegg

utvikling av ny teknologi. Dei små områda på Utsira Nord vil ha relativt lite areal samanlikna med kapasitetsgrensa for området for å legge til rette for utvikling av meir arealeffektiv teknologi. I alternativ 2 er det berre plass til to større og eitt lite område.

Sørlege Nordsjø II



Figur 5: Oversiktskart Sørlege Nordsjø. Kjelde: NVE (2012)

Sørlege Nordsjø II overlappar med gytefelt for tobis både i nord-aust og eit mindre område i vest. Tobis er ein fisk med særleg viktig funksjon i økosystemet i Nordsjøen. Departementet vil difor ikkje legge utlysingsområde i gytefelta for tobis.

Forslaget til utlysingsområde i Sørlege Nordsjø II er tilpassa slik at det ikkje er i konflikt med det tilbydde utvinningsløyvet for petroleum.

På grunn av utviklinga i botnfast teknologi som går mot stadig større utbyggingar, og den store avstanden til land som dreg opp kostnadane for nettilknyting, meiner departementet det vil vere best å dele Sørlege Nordsjø II i store utlysingsområde. Sørlege Nordsjø II er stort nok til tre område med plass til 1 500 MW og tilstrekkeleg rom for fleksibilitet. Departementet har derfor delt område i tre store område og anbefaler å tildele to av områda. Kva to område som skal tildelast kjem an på høyringssinnspela som kjem.


Olje- og energidepartementet sitt forslag

Utsira Nord


Departementet foreslår to alternative inndelingar på Utsira Nord:

I alternativ 1 foreslår departementet å dele Utsira Nord inn i fire utlysingsområde; to område på inntil 500 MW og to område på inntil 250 MW.

I alternativ 2 foreslår departementet å dele Utsira Nord inn i tre utlysingsområde: to område på inntil 600 MW og eitt område på inntil 300 MW.



Figur 6: Kart over utlysingsområde på Utsira Nord, alternativ 1



Figur 7: Kart over utlysingsområde på Utsira Nord, alternativ 2

Koordinatar som definert i World Geodetic System av 1984, UTM sone 33N.

UN – Alternativ 1		UN – Alternativ 2	
Felt Vest		Felt Vest	
N 59°19'16"	E 4°18'51"	N 59°20'0"	E 4°18'34"
N 59°6'58"	E 4°23'18"	N 59°7'1"	E 4°23'17"
N 59°6'57"	E 4°32'12"	N 59°6'58"	E 4°30'5"
N 59°16'27"	E 4°27'39"	N 59°18'28"	E 4°25'29"
Felt Øst		Felt Øst	
N 59°27'37"	E 4°24'47"	N 59°17'54"	E 4°30'35"
N 59°19'2"	E 4°29'2"	N 59°6'57"	E 4°34'54"
N 59°16'3"	E 4°38'14"	N 59°6'54"	E 4°41'43"
N 59°28'19"	E 4°33'25"	N 59°18'45"	E 4°37'10"
Felt FOU Nord		Felt FOU	
N 59°26'52"	E 4°16'2"	N 59°24'37"	E 4°34'50"
N 59°24'46"	E 4°16'51"	N 59°19'35"	E 4°30'50
N 59°25'11"	E 4°21'33"	N 59°20'25"	E 4°36'31"
N 59°27'16"	E 4°20'48"		
Felt FOU Sør			
N 59°9'10"	E 4°35'54"		
N 59°6'56"	E 4°36'47"		
N 59°6'54"	E 4°41'45"		
N 59°9'34"	E 4°40'41"		

Det kan kome mindre endringar i koordinatane som følgje av meir detaljerte kart.

Sørlige Nordsjø II

Olje- og energidepartementet foreslår å dele Sørlige Nordsjø II inn i tre utlysingsområde på inntil 1500 MW og at to av dei tre områda lysast ut. Vi bed om innspel frå høyningsinstansane om kva for område som bør lysast ut dersom berre to av desse skal lysast ut no.



Figur 8: Kart over utlysingsområde på Sørlige Nordsjø II.

Koordinatar som definert i World Geodetic System av 1984, UTM sone 33N.

Sørlige Nordsjø II

Felt Nord-vest

N 56°49'21"	E 4°20'42"
N 56°58'40"	E 4°48'54"
N 56°47'51"	E 4°58'34"
N 56°40'40"	E 4°31'26"
N 56°42'57"	E 4°31'54" (Korrigert 17.02.22)
N 56°46'57"	E 4°22'48"

Felt Sør-vest

N 56°38'2"	E 4°30'34"
N 56°45'33"	E 5°1'2"
N 56°37'38"	E 5°8'51"
N 56°28'58"	E 4°38'21"

Felt Øst

N 56°57'48"	E 4°54'60"
N 56°57'48"	E 5°0'0"
N 56°56'0"	E 4°59'60"
N 56°55'52"	E 5°19'5"
N 56°44'15"	E 5°29'47"
N 56°39'7"	E 5°13'22"

Det kan kome mindre endringar i koordinatane som følgje av meir detaljerte kart.